

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGANE (SFO) I HARAM

Vedtekne av Haram kommunestyre 10.02.2005

§ 1 RETNINGSLINER

Dei kommunale skulefritidsordningane i Haram skal drivast i samsvar med lover, forskrifter og kommunale vedtekter.

Kvar skulefritidsordning kan lage utfyllande reglement for drifta.

§ 2 FORMÅL

Skulefritidsordningane er eit omsorgs-, leike- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn i 1. - 4. årskull og for funksjonshemma barn opp til 7. årskull.

Skulen sin formålsparagraf skal og gjelde for skulefritidsordningane.

Barna sine behov for leik, kulturaktivitetar og sosial læring må vere kjernen i innhaldet for tilbodet.

§ 3 STYRING OG LEIING

Skulefritidsordningane er administrativt lagt under einingsleiar for grunnskuletenester. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for den lokale ordninga.

Samarbeidsutvalet ved skulen er styringsorgan. Styringsorganet kan utvidast etter lokalt vedtak (utfyllande reglement). I krinsar der barnehagen er lokalisert til skulen, kan skulefritidsordninga bli lagt til barnehagen. Samarbeidsutvalet ved barnehagen er då styringsorgan.

§ 4 BEMANNING

Grunnbemanninga i skulefritidsordninga må justerast etter talet på barn og opningstid. Rettleiande norm er 1 vaksen pr. 14 barn til stades. 15 barn utløyser normalt 2 vaksne og 31 barn utløyser normalt 3 vaksne til stades.

For barn med særskilde behov, kan det tilsettast ekstrahjelp etter behov og sakkunnig vurdering.

I store ordningar, fleire enn 30 barn, bør ein av dei tilsette ha pedagogisk kompetanse.

§ 5 OPNINGSTID

Den daglege opningstida skal leggjast før og etter skulen si undervisningstid for dei minste elevane, slik at dei kan få samanhengande tilsyn inntil 9,5 timar/dag.

Den daglege opningstida kan og bør avpassast lokalt.

For å halde ope, må minst 6 barn vere påmelde i den aktuelle tida.

Opningstida gjennom året følgjer skuleruta.

Dersom behovet er stort nok (minst 6 barn), kan ordningane haldast opne i haust- og vinterferien, i tillegg til ei veke før skulestart og ei veke etter skuleslutt.

§ 6 BETALING FOR OPPHALD

Foreldrebetalinga vert fastsett av Haram kommunestyre. Den skal innbetalast i 10 månader pr. år (f.o.m. 15. august t.o.m. 15. juni). Skulefritidsordningane kan ta imot barn på korttidsopphald/ekstratimar, men timesatsen er då høgare enn vanleg betaling. Ved manglande betaling kan einingsleiar for grunnskuletenester seie opp plassen til barnet.

§ 7 INNTAK AV BARN

Skulen sender brev vedlagt søknadsskjema til alle familiar med barn i aktuell alder.

Barnet skal til vanleg gå på SFO i den skulekrinsen det høyrer til, men kan sjølvstøtt gjere seg nytte av tilbod i ein annan skulekrins dersom tilsvarende tilbod ikkje ligg føre ved eigen skule (t.d. i ferietida)

Hovudinntaket av barn skjer i vårsemesteret og gjeld for eitt skuleår. Inntak kan og skje i løpet av skuleåret. Rektor føretek inntak på grunnlag av skriftlege søknader.

Kortaste opphaldstid pr veke for fast plass er 6 timar.

Det er ein månads oppseiingsfrist rekna frå den 1. eller den 15. i kvar månad.

Plassen kan ikkje seiast opp seinare enn 1. april med verknad frå 1. mai. Ved seinare oppseiing må det betalast ut skuleåret. Einingsleiar kan etter søknad fråvike dette.

Endring av opphaldstid gjennom året skal avtalast skriftleg med rektor.

Ved redusering av opphaldstid pr veke, gjeld vanlege reglar for oppseiingstid.

§ 8 Endring av vedtektene må godkjennast av kommunestyret.

Vedtak i Haram kommunestyre 10.02.2005